

Kommunedelplan for oppvekst 2023-2035

Forslag til politisk behandling for offentlig ettersyn

Planen skal vere eit
heilskapleg,
strategisk verktøy
for å sikre barn og
unge ein trygg og
god oppvekst i
kommunen.

Innhald

1 Innleiing	3
1.1 Oppbygging av planen	3
2 Status, utviklingstrekk og utfordringar	4
3 Mål – slik vil vi ha det	5
3.1 Overordna oppvekstmål	5
3.2 Tre plantema med delmål	5
3.3 Kvifor desse måla?	5
4 Barn og unge si helse	7
5 Barnehage og skule som oppvekstarena	8
6 Førebyggjande arbeid og samarbeid om oppvekst	10

1 Innleiing

Kommunedelplan oppvekst Stad 2023-2035 er den første langsiktige strategiplanen for oppvekst i Stad kommune. Planen skal legge grunnlaget for kommunen sine prioriteringar i handlingsprogram, budsjettvedtak og verksemdsplanar på einingsnivå.

Kommunedelplan for oppvekst er ei revidering av kommunedelplan for oppvekst 0-18 år 2017-2029 frå Eid kommune. Det er fleire grunnar til å revidere planen, der kommunesamanslåing med etablering av felles eigarskap og styringsdokument er vesentleg. Det har også vore endringar i relevante lover, rammeplanar, forskrifter og nasjonale retningslinjer. Oppvekstplanen skal vere i samsvar med kommuneplanen sin samfunnsdel, og FN sine berekraftsmål skal ha større merksemd i kommuneorganisasjonen. Samskaping skal også vere implementert i oppvekstplanen.

Stad er ein langstrakt og spreiddbygd kommune med 120 kilometer reiseveg frå vestlegaste busetnad ved Stadhavet til dei austlegaste bygdene ved Hornindalsvatnet. Stad kommune har i 2022 om lag 9500 innbyggjarar. Over halvparten av innbyggjarane i Stad kommune er busette i tettstadane, og denne trenden er aukande.

For at barn og unge skal kjenne seg trygge og oppleve meistring, er eit godt oppvekstmiljø viktig. Å vekse opp i eit nabolag og lokalsamfunn prega av fellesskap, sosial samhandling og varierte fritidsaktivitetar fremjar trivsel og helse. Kommunale tiltak betyr noko for oppvekstmiljøet. Livskvalitet vert til i samspelet med andre, og dette samspelet går føre seg i dei ulike miljøa barn og unge er ein del av - Sjå illustrasjonen frå Folkehelseinstituttet:



1.1 Oppbygging av planen


Stad kommune sin kommunedelplan for oppvekst er basert på samanstilling av ulike kunnskapskjelder samla i eit kunnskapsgrunnlag. «Kunnskapsgrunnlag kommunedelplan oppvekst 2023-2035» ligg ved planen. Oppvekstplanen skal ta opp i seg føringar frå nasjonalt og regionalt hald, samstundes som samanheng med kommuneplanen sin samfunnsdel og andre aktuelle lokale planar vert ivareteke.

Det er tre sentrale plantema i kommunedelplan oppvekst. Kwart plantema har eigne delmål som ligg under det overordna oppvekstmålet i Stad, og som definerer det overordna målet nærare. Måla beskriv ein ønska tilstand i framtida - slik vil vi ha det. For kvart plantema er det utarbeidd strategiar – slik skal vi gjere det for å nå måla i planen, med tilhøyrande tiltak (oppdrag).

Strategiane og tiltaka legg føringar på fordeling av dei økonomiske rammene på oppvekstområdet og skal ligge til grunn for kommunen sine prioriteringar.

2 Status, utviklingstrekk og utfordringar

Utviklinga viser at det vert færre barn, færre yrkesaktive og større behov for arbeidskraft innan helse og omsorg i samband med eldrebølga fram mot 2050.




Dette gjev utfordringar for oppvekstsektoren i høve tilgjengelege ressursar for offentlege oppveksttilbod.

Uansett om det er få eller mange barn er det viktig at oppveksten til barna vert så god som mogeleg. Det er viktig at kvart barn har ein trygg oppvekst med rom for å utvikle seg.

Oppvekst er ein viktig faktor i helse gjennom heile livet. Ved å redusere ulikskap i oppveksten gjennom å gje alle barn høve til å delta i fellesskapet saman med andre barn, kan oppveksten bidra til å gje betre helse på tross av sosiale skilnader. Samfunna i Stad kommune er prega av eit mangfald av ulike kulturar, livsstilar og verdiar. Dette er ein naturleg del av eit moderne samfunn, og utfordrar oss i høve det å skape fellesskap.

Helse og samfunnstilhøve heng saman. Greier vi å gjere ein innsats for å redusere ulikskap, kjem vi nærare eit samfunn med likeverdig helse. Dei grunnleggande faktorane som påverkar heile årsakskjeda ligg lengst til venstre i figuren nedanfor.



Døme på område der ein kan gjere ein innsats for å redusere sosial helseulikskap. Kjelde: Folkehelseinstituttet


Utdjupande kunnskap er å finne i «Kunnskapsgrunnlag kommunedelplan oppvekst 2023-2035».

3 Mål – slik vil vi ha det

Kommunedelplan oppvekst har eit overordna oppvekstmål. I tillegg har kvart plantema eigne delmål, som definerer det overordna målet nærare. Måla er forankra i Stad kommune sin samfunnsdel og i nasjonale og regionale føringar.

3.1 Overordna oppvekstmål

Barn i Stad har ein trygg og tilpassa oppvekst i eit mangfaldig fellesskap der barn får utvikle evnene sine og kjensla av å høyre til.



3.2 Tre plantema med delmål

<i>Barn og unge si helse</i>	<i>Barnehage og skule som oppvekstarena</i>	<i>Førebyggande arbeid og samarbeid om oppvekst</i>
1.1 Barn og unge i Stad kommune har god fysisk, psykisk og sosial utvikling.	2.1 Barn og unge i Stad kommune har likeverdig opplæringstilbod med god fagleg standard.	3.1 Stad kommune har tenester som yt tidleg innsats.
1.2 Barn og unge i Stad kommune har trygge foreldre som gir god omsorg heime.	2.2 Barn og unge i Stad kommune har eit trygt og godt utviklings- og læringsmiljø.	3.2 Stad kommune førebygger at barn og unge vert utsett for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsvanskar.


3.3 Kvifor desse måla?

Ein trygg og tilpassa oppvekst vert skapt på ulike arenaer og livsområde, til dømes i familien, barnehagen, skulen, fritid og lokalsamfunnet. Stad kommune skal jobbe effektivt for å utvikle barn og unge sine oppvekstarenaer, fremje god helse og førebygge omsorgssvikt og åtferdsvanskar. Då må vi ta utgangspunkt i beskyttelses- og risikofaktorar. Samstundes skal vi skape løysingar saman med innbygarane i Stad, slik at tiltak vert tilpassa både grupper og enkeltpersonar. Mange av delmåla

våre er bra for alle, nokre er nyttige for mange og nokre er naudsynte for enkelte av våre barn og unge.

FNs barnekonvensjon ligg til grunn for Stad kommune sitt arbeid med barn og unge. Ulike nasjonale lover, forskrifter og rettleiarar er også grunnlag for oppvekstplanen.

Sjølv om Stad kommune er ein god plass å vere for dei fleste, har nokon barn og unge utfordringar. Dette kan vere t.d. knytt til fysisk eller psykisk helse, lærevanskar eller språkutfordringar. Vi har om lag 13 % av barna våre i hushaldingar med låg inntekt (2021). Skuleåret 2021-2022 melder 7, 8 % av elevane våre på 10. trinn at dei er mobba. Slike utfordringar kan vi ikkje løyse kvar for oss. Her må vi ha ein tidleg og samordna innsats i lokalsamfunn og kommune.



4 Barn og unge si helse

Korleis skal vi jobbe i lag for å nå måla?

Delmål 1.1	
Barn og unge i Stad kommune har god fysisk, psykisk og sosial utvikling	
Strategi	Tiltak/ oppdrag
Stad kommune skal bidra til å normalisere livet sine utfordringar.	Informere om normalreaksjonar og normal utvikling fysisk og psykisk. Utvikle ei «normalanbefaling» basert på verdiar og forskning i forhold til søvn, kost og måltidsvanar, fysisk aktivitet og mediebruk.
Stad kommune skal legge til rette for at barn og unge skal utvikle seg til robuste og sjølvstendige menneske.	Støtte vaksne rundt barn og unge til å vise eit positivt syn på barn og unge: Sjå og bekrefte, gi ros og anerkjenne, sette positive grenser. Utarbeide trivselsreglar på barn og unge sine arenaer saman med barn og unge.
Stad kommune skal arbeide for sosialt fellesskap i trygge og inkluderande miljø - oppretthalde og støtte tiltak som er med på å utjamne sosial ulikskap. Stad kommune skal omfamne mangfald hjå barn, unge og føresette. Stad kommune skal legge til rette for fysisk aktivitet og sunn ernæring.	Samarbeide med lag/ organisasjonar om gratis arrangement/ fritidstilbod – søkje prosjektmidlar. Legge til rette for Sommarskule, Sommarjobb og Sommarcamp. Ha fokus på universell utforming, slik at så mange som mogleg kan utøve og oppleve organisert/ eigenorganisert aktivitet. Tilby inkluderande og tilrettelagde møteplassar utan krav til t.d. dugleik, kunnskap, økonomi eller religion - ALLEMED. God informasjonsflyt mellom frivillig sektor og kommune. Legge til rette for utvikling av uteområde i bustadområde, skule og barnehagar, i samarbeid med lokalsamfunnet. Informere om kosthald, og sjå til at matsservering i einingane våre er i tråd med nasjonale råd frå helsedirektoratet. Legge til rette for, og utviding av, tiltak som BUA. Har system for informasjon om tilbod og ordningar – Stad Foreiningsportal vert etablert. Jobbe aktivt med å søkje midlar som kan brukast til å utjamne sosial ulikskap.
Stad kommune skal ha nullvisjon knytt til mobbing og trakassering.	Auke kompetanse hjå barn og vaksne på alle arenaer for å sikre at alle barn er med i det sosiale miljøet - gjennom kurs og informasjon.
Stad kommune skal gje alle barn i kommunen eit kulturskuletilbod.	Tilby alle born eit tilbod i kulturskulen. Gjere undervisning i kulturskulen så billig som mogleg, slik at alle kan delta. Vidareføre samarbeidet med grunnskulane for å kunne tilby kulturskuleundervisning i skuletida.

	Satse på kvalitet i undervisninga gjennom riktig rekruttering og oppfølging av måla i kulturskulen sin rammeplan.
Stad kommune skal ha tilgjengelege folkebibliotek av god kvalitet.	Tilby klassebesøk for alle elevar. Vere ein uavhengig møteplass som fremjar lesing og leseglede, læring, samtale og offentleg debatt. Fremje opplysning, utdanning og annan kulturell verksemd, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre media gratis til disposisjon. Legge vekt på kvalitet, allsidigheit og aktualitet i tilbod til barn og unge.
Stad kommune skal ha eit godt kinotilbod.	Legge til rette for bruk av kinoen, både som skulekino og som kjekk aktivitet for barn og unge på fritid. Samarbeide med ulike aktørar for å sikre geografisk godt tilbod.
Stad kommune skal vere attraktiv for frivillige som organiserer aktivitetar.	Legge til rette for at lag/ organisasjonar kan bygge anlegg og styrke sin kompetanse og moglegheit for å ta vare på og utvikle barn og unge. Søke og bruke Lokale Transportmidlar Ungdom frå Vestland fylke til arrangement. Etablere tydelege kontaktpunkt og bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor.
Stad kommune skal legge til rette for brukarmedverknad på system- og individnivå.	Brukarundersøking som til dømes Unggdata, elev- og foreldreundersøking. Involvere elevråd og ungdomsråd.

Delmål 1.2

Barn og unge i Stad kommune har trygge foreldre som gir god omsorg heime

Strategi	Tiltak/ oppdrag
Stad kommune skal støtte foreldre i foreldrerolla.	Legge til rette for at alle føresette kan delta i foreldrerettleiing individuelt og i grupper, som t.d. COS og Sjumilssteget. Har system for enkelt å kunne komme i kontakt med aktuell teneste ved undring/ bekymring.

5 Barnehage og skule som oppvekstarena

Korleis skal vi jobbe i lag for å nå måla?

Delmål 2.1

Barn og unge i Stad kommune har eit likeverdige opplæringstilbod med god fagleg standard

Strategi	Tiltak/ oppdrag
Stad kommune skal sikre godt læringsutbytte i barnehage og skule.	Har samla oversikt over ulike kartleggingssystem for innhenting av informasjon om læringsutbytte og utvikling.

	<p>Har plan for gjennomføring og oppfølging av kartleggingar/ prøver.</p> <p>Har felles system for dokumentasjon av resultat og oppfølging.</p>
Stad kommune skal ha tilsette med god relasjonskompetanse, og som omfamnar ulikskap.	<p>Brukar tryggleikssirkelen – COS.</p> <p>Har rutinar for god gruppe- og klasseleiing.</p> <p>Reflekterer over eigne haldningar kring kjønn, alder, seksualitet, livssyn, etnisitet, religion og funksjonsnivå.</p>
Stad kommune skal arbeide vidare for at elevar, føresette og tilsette nyttar og utviklar sin digitale kompetanse.	<p>Oppdatere fortløpande digitalt utstyr i skule, kulturskule og barnehage.</p> <p>Gjennomføre opplæring og rettleiing i høve elevar, føresette og tilsette innan digital kompetanse.</p> <p>Vidareutvikle og kvalitetssikre programvare som elevar, føresette og tilsette nyttar i sitt virke.</p> <p>Aktivt bruke digitale kommunikasjonsverktøy som lettar kvardagen.</p>
Stad kommune skal ha ei felles språkplan for arbeidet med språk i barnehagane.	Utvikle og følgje opp språkplan.
Stad kommune skal tilby læring og opplevingar gjennom Den kulturelle skulesekken.	Tilby opplevingar og læring til alle elevar gjennom DKS – kommunal og regional plan. Barnehagane skal få tilbod om DKS gjennom skulane, der det er føremålstenleg.
Stad kommune skal behalde og rekruttere kvalifiserte tilsette i barnehage, skule og kulturskule.	<p>Bruke digitale verktøy og tverrfagleg samarbeid for å sikre god tilgang på kvalifisert personell.</p> <p>Følgje opp Stad kommune sine vedtekne retningslinjer for rekruttering og kompetanse.</p>

Delmål 2.2

Barn og unge i Stad kommune har eit trygt og godt utviklings- og læringsmiljø

Strategi	Tiltak/ oppdrag
Stad kommune skal ha ein felles plan for overgang mellom barnehage, barneskule og ungdomsskule.	Oppdatere og evaluere plan for overgangar barnehage – barnetrinn – ungdomstrinn.
Stad kommune følgjer nasjonale føringar for å sikre eit trygt og godt utviklings- og læringsmiljø.	<p>Gjennomføre elevundersøkingar for å kartlegge trivsel på skulen for elevane.</p> <p>Gjennomføre utviklingssamtaler og vurderingssamtaler minst to gongar i året i skulane.</p> <p>Gjennomføre foreldresamtaler minst to gongar i året i barnehagane – barnesamtaler i system frå 3-årsalder.</p> <p>Nytte program/ metode som set fokus på eit godt læringsmiljø.</p> <p>Fokus på god gruppleiing i barnehagen og god klasseleiing i skulen.</p>

	Har ein primærkontakt/ tryggleiksperson i barnehagen/ skulen - for alle barn og unge.
Stad kommune skal ha nullvisjon vedrørende mobbing og trakassering.	Følgje opp felles og systematisk kapittel 9A i opplæringslova og kapittel VIII i barnehagelova. Ha felles prosedyrar og handlingsplanar for godt barnehage- og skulemiljø.
Stad kommune skal ha fysisk infrastruktur tilpassa barn og unge.	Trygge skuleveggar og skuleskysordningar. Jobbe aktivt overfor fylket for bussruter tilpassa lokale aktivitetstilbod og med rimeleg pris. Legge til rette for utvikling av uteområde i bustadområde, skule og barnehagar, i samarbeid med lokalsamfunnet.
Stad kommune jobbar systematisk for å jamne ut skilnadar i fysiske tilhøve på skulane og barnehagane i kommunen.	Lage ein gjennomarbeidd plan med tilstandsrapport og prioritering av tiltak – også uteområde. Aktivt samskape med lokale lag og organisasjonar for å utvikle og forbetre tilhøva for barn og unge.
Stad kommune skal legge til rette for at alle kan vere på skulen.	Systematisk samtale med barn, unge og føresette for å kartlegge og sette inn tiltak. Har ein felles plan for handtering av skulefråvær i alle skulane.

6 Førebyggjande arbeid og samarbeid om oppvekst

Helsefremmande tiltak som gjeld alle er å finne under delmål 1.1, 1.2, 2.1 og 2.2 (primære tiltak). Førebyggjande tiltak gjeld konkrete målgrupper med kjent risiko for redusert helse, det er desse tiltaka som er å finne her under delmål 3.1 og 3.2 (sekundære tiltak). Behandling og rehabilitering er tertiære tiltak som følger av særlov, desse tiltaka er ikkje ein del av planarbeidet og difor ikkje med under delmål 3.1 og 3.2.

Korleis skal vi jobbe i lag for å nå måla?

Delmål 3.1	
Barn og unge i Stad kommune får tenester som yt tidleg innsats	
Strategi	Tiltak/ oppdrag
Stad kommune skal ha tidleg innsats, samordning av tenestene og medverknad.	Utarbeide og implementere BTI – Betre Tverrfagleg Innsats. Tek barn og unge på alvor, og har tidleg involvering av brukar.
Stad kommune nyttar seg av kompetansesenter.	Kompetanseheving og rettleiing av tilsette frå t.d. Frambu, Statped, NOK, kompetansesenter i spesialisthelsetenesta.
Stad kommune skal ha systematisk tverrfagleg samarbeid.	Sjumilssteget i barnehage og skule. Tverrfaglege møte x 2 per år i alle skular og barnehagar. Utarbeide mandat for møta - deltakarar, hensikt. Samarbeidsmøte på systemnivå mellom to eller fleire tenester.

	<p>Konsultasjonsmøte med BUP og helsestasjon x 6 per år.</p> <p>Tverrfagleg ressursteam for barnehage og skule.</p> <p>Førtilmeldingssamtale-PPT og Systemarbeid-PPT.</p> <p>Politiråd x 3-4 per år.</p> <p>NN-konsultasjonar i høve barnevern.</p> <p>Psykisk helseteam – vidaregåande skule, ungdomsskule.</p> <p>BUP, PPT, helsestasjon, rus og psykiatri på einingsleiar møte i oppvekst x 1-2 per år.</p>
Stad kommune skal ha eit system som fangar opp og ivaretek «barn som pårørande».	Rutine for å innhente samtykke til tverrfagleg samarbeid ved t.d. sorg, alvorleg sjukdom i familien, rus, konflikt.

Delmål 3.2

Stad kommune førebygger at barn og unge vert utsett for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsvanskar

Strategi	Tiltak/ oppdrag
Stad kommune skal ha ein oppdatert handlingsplan mot vald og overgrep.	<p>Kjennskap til planen i einingane våre og i lokalmiljøet.</p> <p>Kunnskap hjå tilsette om korleis vi handterer mistanke om vald og overgrep blant barn og unge.</p> <p>Kurs til frivillige i lag/ organisasjonar om korleis dei skal handtere mistanke om vald og overgrep blant barn og unge.</p>
Stad kommune har system for å sikre barn og unge kunnskap om vald og overgrep.	<p>Samarbeid med t.d. NOK (Smiso), politiet.</p> <p>Informasjon til barn og unge og foreldre om tema.</p>
Stad kommune har tilsette med god kunnskap om ansvar, regelverk og rutinar som regulerer tverrfagleg samarbeid.	<p>Definisjon av ulike samarbeidsfora/mandat.</p> <p>Årshjul/tema på faste samarbeidsmøte.</p> <p>Årleg gjennomgang av ansvar, regelverk og rutinar (teieplikt, opplysningsplikt, opplysningsrett, samtykke i dei ulike tenestene, krise- og beredskapsplanar)</p> <p>BTI- implementering.</p>
Stad kommune skal legge til rette for brukarmedverknad på system- og individnivå.	<p>Brukarundersøking som til dømes Unggdata, elev- og foreldreundersøking.</p> <p>Involvere elevråd og ungdomsråd.</p>
Stad kommune skal ha lågterskeltiltak som kan førebygge omsorgssvikt og åtferdsvanskar.	<p>Helsestasjon:</p> <p>Svangerskapsomsorg med faste, relevante tema.</p> <p>Gravide har samtale med helsesjukepleiar i veke 36.</p> <p>Heimebesøk til alle etter fødsel.</p> <p>New born observation.</p> <p>Faste konsultasjonar på ulike aldrar med helsesjukepleiar og lege.</p> <p>Mor sin time veke 8 etter fødsel (EPDS).</p> <p>Samarbeidsmøte individnivå.</p>

	<p>Foreldrestøtte/ rettleiing: COS-gruppe x 2 per år, etablere ICDP-gruppe.</p> <p>Henvisning til andre aktuelle tenester ved behov.</p> <p>Skulehelseteneste:</p> <p>Fast kontortid på skulane.</p> <p>Undervisning etter plan i ulike klasser.</p> <p>Helsesamtale etter retningslinje.</p> <p>Målretta samtale med elev og/ eller foreldre.</p> <p>Samarbeidsmøte individnivå.</p> <p>Henvisning til andre aktuelle tenester ved behov.</p> <p>Helsestasjon for ungdom:</p> <p>Drop in for ungdom 13-20 år.</p> <p>Fysioterapitenesta:</p> <p>Helsestasjonsgrupper ca 4mnd alder.</p> <p>Sjumilssteget – tema Fysisk aktivitet 3.trinn.</p> <p>Lågterskeltilbod til spebarn, barnehagebarn og skuleelevar.</p> <p>Møter barn på ulike arenaer: heime, helsestasjon, barnehage, skule.</p> <p>Vurderingar, oppfølging, samarbeid, koordinering av tenester.</p> <p>Rettleiingsfunksjon for andre tenester.</p> <p>Kompetanse på normal utvikling og tilrettelegging av aktivitet.</p> <p>Følgjer ofte dei same barna frå 0-18 år.</p> <p>Ergoterapitenesta:</p> <p>Kompetanse på planlegging og tilrettelegging av fysiske omgjevnader.</p> <p>Kartlegging av funksjon og tilrettelegging individuelt eller generelt.</p> <p>Kompetanse på å bruke hjelpemiddel for å kompensere for funksjonsnedsettingar.</p> <p>Kompetanse på velferdsteknologi.</p> <p>Samarbeid med andre tenester, koordinatorfunksjon einskildbarn.</p> <p>Legetenesta:</p> <p>Undersøke, utrede, behandle, henvise.</p> <p>Samarbeidsmøte individnivå.</p> <p>Tverrfaglege samarbeidsmøte.</p> <p>Helsestasjonslege.</p> <p>Bu- og miljøtenesta, opplæring og integrering og NAV:</p> <p>Samarbeidsmøte individnivå.</p> <p>Rådgjeving i høve økonomi, bustad.</p> <p>Barnehage:</p> <p>Foreldresamtale minimum x 2 per år.</p> <p>Foreldremøte minimum x 2 per år – Sjumilssteget.</p> <p>Oppstartsamtale.</p> <p>Primærkontakt.</p> <p>Målretta samtale i enkeltsaker – foreldrerettleiing.</p> <p>Samarbeidsmøte individnivå.</p> <p>Dagleg kontakt med foreldre.</p> <p>Barnesamtale i system frå 3-årsalder.</p> <p>Handlingsplan for eit godt barnehagemiljø.</p> <p>Overgangsplan barnehage - skule.</p> <p>Felles plan for språkstimulering.</p> <p>Skule:</p> <p>Overgangsplan barnehage - skule</p>
--	---

	<p>Innskrivingssamtale. Kontaktperson. Foreldresamtale minimum x 2 per år. Foreldremøte minimum x 2 per år - Sjumilssteget. Målretta samtale i enkeltsaker – foreldrerettleiing/ elevsamtale. Samarbeidsmøte individnivå. Handlingsplan for eit godt skulemiljø. Handlingsplan ved skulefråvær.</p> <p>Samarbeidsavtaler: Tannhelsetenesta Familievernkontoret Politiet Psykiske helsetenester og rusbehandling</p> <p>Lokalsamfunn: Kjenner til system for enkelt å kunne komme i kontakt med aktuell teneste ved undring/ bekymring for barn og unge. Samarbeider med kommunen om inkluderande og tilrettelagde møteplassar utan krav til t.d. dugleik, kunnskap, økonomi eller religion - ALLEMED. Kan finne informasjon om tilbod og ordningar for barn og unge - mellom anna Stad Foreiningsportal.</p>
--	---